



Fylkesmannen i Hordaland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1285 - 15/8654

Saksbehandlar:

Kari Anne Iversen

kari.a.iversen@meland.kommune.no

30.04.2015

## Svar på tilleggsoppgåver til Øving Lyneld 2, 29. april 2015

### SPØRSMÅL 1

Meland kommune meiner at vi, med en del omleggingar, driftsendringar og ulike ekstraordinære tiltak, vil kunne handtere helse- og omsorgstenestene våre under eit pandemiutbrot som gir 25% sjukefråvær. Det vil naturleg nok vere ein faktor om utbrotet spreier seg over tid, eller om svært mange vert sjuke samstundes. Dei som vert smitta vil til vanleg vere sjuke i 2 veker.

#### Generelle tiltak

Utvide deltidstillingar, innskrenke aktivitetar som ikkje er heilt nødvendige, kalle tilbake folk frå ferie, studiepermisjonar o.l., omdisponere personell med adekvat kompetanse. Kommunen er også i ferd med å inngå beredskapsavtale med Røde Kors, der bistand til helse- og omsorgstenestene i ein krisesituasjon er eitt av fleire punkt. (Det vert elles jobba med å få opp vaksineringsgraden for tilsette i helse- og omsorgstenestene.)

#### Tiltak Meland sjukeheim

I tillegg til dei generelle tiltaka vil det kunne vere aktuelt å stenge Dagsenteret, noko som frigjer både personell og areal. Kommunen har eit godt tilfang av ekstra sjukepleiarressursar på helsestasjonen, der svært mange oppgåver kan utsetjast i ein krisesituasjon.

#### Tiltak Meland heimeteneste

Viser til dei generelle tiltaka, men vil også kutte ned på praktisk bistand og oppfordre pårørande til ekstra innsats. Det kan også vere aktuelt å samle heimebuande pasientar i avlastingsbustad eller på Dagsenteret på Meland sjukeheim, dette for å få meir effektiv personellbruk og større grad av medisinsk overvaking.

#### Helsetenesta (m.a. Frekhaug legekontor)

Viser til dei generelle tiltaka. Vil i tillegg kansellere alle pasienttimar som ikkje er absolutt nødvendige. Det bør likevel vere to legar på kurativt arbeid som kan handtere pasientretta oppgåver utanom sjølve pandemisituasjonen. Det vert elles vist til Smittevernplan for Meland kommune, der plan for pandemisk influensa er omhandla i kap. 7.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

## SPØRSMÅL 2

a)

Naudstraum for Meland sjukeheim er omtalt under punkt b. Under stormen *Nina* i vinter vart også særskilte varm/lyskjelder frå Lindås og Meland brannvern nytta. Ved bortfall av IKT-system må ein nytte dei manuelle listene som er laga, for t.d. medisinar og lister for personell og pårørande. Sjukepleieprosedyrar ligg til vanleg elektronisk lagra, men i «sky-basert» system, noko som skal gi betre tryggleik enn om dei var lagra i ein lokal server-løysing.

Det vert også vist til beredskapsavtalen med Røde Kors, der sambandsutstyr er omtalt.

Det medisinske naudnettet kjem på plass frå 3. kvartal 2015, og det vil vere aktuelt å kople og pleie- og omsorgstenestene på dette.

Det vert lagt opp til at nytt telefonisystem frå 2016 ikkje skal ha lokal server, men vere basert på «sky-løysing»)

Legekontoret kan få sterilisert utstyr ved sjukeheimen (ved oppkopla aggregat der).

b)

Per i dag kan kommunen få låne straumaggregat på 100 kw av lokal verksemd. Dette kan då levere straum til deler (prioriterte område) av Meland sjukeheim. Det er lagt til rette for tilkopling. I løpet av veke 21 vert det levert eit transportabelt aggregat til Meland vassverk. Fulle høgdebasseng gir vassforsyning i 24 timar, og det transportable aggregatet kan difor periodevis nyttast ved sjukeheimen (ikkje full straumforsyning). Det er også sett i i gong innkjøpsprosess på fast stasjonert aggregat på sjukeheimen, med tanke på full straumforsyning for heile institusjonen.

## SPØRSMÅL 3

I kommunen sin overordna ROS-analyse er ikkje stengde vegar definert som eit stort problem. Kommunen er ikkje ras-utsett, korkje for snø, jord – eller steinras. Vegtilkomst mot den nordlege delen av Holsnøy kan bli sperra ved nedfall av tre, men dette vil kunne ryddast innan ei avgrensa tidsramme.

Kommunen har elles pleie og omsorgspersonell stasjonert i nordre del av kommunen. Lindås og Meland brannvern disponerer båt.

## SPØRSMÅL 4

I kommunen sin overordna ROS-analyse er det berre to område som kjem i raud sone; dette gjeld sesonginfluensa og pandemi, med konsekvensar for liv og helse. Også straumbrot som varer over lang tid vil kunne vere utfordrande, og også bortfall av mobil- og fasttelefonnettet (gul sone).

Med helsing

Kari Anne Iversen  
Personal- og organisasjonssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Ingvild Hjelmtveit

Tord Moltumyr

Britt Hilde Romarheim

Randi Rotevatn Minde

**Mottakere:**  
Fylkesmannen i Hordaland